



RADØY
den grøne øya

Kommuneplan for Radøy 2011-2023

**konsekvensvurdering av endringar i
kommuneplanens arealdel**

september 2011

Innhald:

KONSEKVENSVURDERING.....	3
BUSTADER	5
OMRÅDE: SYLTA (B2).....	5
OMRÅDE: SYLTA (B3).....	8
OMRÅDE: SLETTA (B4).....	11
OMRÅDE: GJERDE (B5).....	14
OMRÅDE: NORANGER (B6)	17
OMRÅDE: MANGERSNES (B7)	20
OMRÅDE: HELLAND (B12)	23
OMRÅDE: HALLAND (B13)	26
OMRÅDE: KVALHEIM (B17)	29
OMRÅDE: STØLANE, AUSTEBYGD (B 18)	32
OMRÅDE: LEITEVÅGEN PÅ BØ (B19)	35
FRITIDSBEBYGGELSE	38
OMRÅDE: SNEKKEVIKA (F1)	38
OMRÅDE: HAUGSTAD (F2).....	41
INNSPELET VERT TEKE MED I FRAMLEGG TIL REVIDERT KOMMUNEPLAN.....	42
OMRÅDE: SYLTA (F 4).....	44
FRITIDSBEBYGGELSE OG TURISTFØREMÅL	47
OMRÅDE: KVALHEIM (FT 1).....	47
OMRÅDE: SYLTA KYSTTUN (FT 2).....	50
OMRÅDE: SYLTA, DUDLATUN (FT 3).....	54
OMRÅDE: NORDBØ (FT 4)	57
NAUSTOMRÅDE.....	60
OMRÅDE: SYLTA, HANEVIKA (N1)	60
OMRÅDE: SYLTAVÅG (N2)	63
OMRÅDE: FROTAULE (N3).....	67
OMRÅDE: KVALHEIM (N4)	69
SMÅBÅTHAMN	71
OMRÅDE: VILLANGER (SB 1)	71
OMRÅDE: FROTAULE (SB 2)	73
OMRÅDE: KVALHEIM (SB 2)	75
NÆRING	77
OMRÅDE: KVALHEIM (NÆRING 1).....	77
OMRÅDE: FLØHOLMEN (NÆRING 2).....	80
OMRÅDE: BØ (NÆRING 3)	83
OMRÅDE: NØTLEVÅGEN (NÆRING 4)	85
OMRÅDE: MJØS (LNF – SPREIDD 1)	88
OMRÅDE: KVALHEIM (LNF – SPREIDD 2).....	91
OMRÅDE: VILLANGER (LNF – SPREIDD 3).....	94
OMRÅDE: SÆVDAL (LNF – SPREIDD 4).....	97
VEDLEGG ETTER HØYRING.....	100

Konsekvensvurdering

Framlegg om endra arealbruk skal vurderast med positive og negative konsekvensar. Konsekvensutgreiing for kvart område med ny arealbruk skal innehalde kart og positive og negative verknader for kvart tema. Konsekvensane skal samanfattast og lede til ei samla vurdering. Til dei områda i arealdelen ein har framlegg om endring av bruken for skal ein gjennomføra ei forenkla verdi- og konsekvensvurdering. Vurderingane skal baserast på kjente registreringar, fagleg skjønn, synfaringar og andre kjende opplysningars.

Tema som skal vurderast ved ny arealbruk:

- *Naturverdiar og biologisk mangfald*
Konsekvensar for viktige naturtypar og biologisk mangfald, vilt, naturvernområde, verna vassdrag og strandsona.
- *Landskap*
Konsekvensar for landskap som har særskilde verdiar eller er sårbare.
- *Naturrisiko*
Grunntilhøve, ras og skredfare, flaum, ekstremvær – nedbør og vind
- *Landbruk*
Areal som er viktige produksjonsområde eller har høge kulturlandskapskvalitetar og konsekvensar for desse ved endra bruk av arealet.
- *Friluftsliv*
Konsekvensar for ålmenta sin ferdsel, turvegar, viktige utfarts- og friluftsområde, badeplassar og bruk av områda til jakt og fiske.
- *Kulturminne og kulturmiljø*
Det er vurdert om områda har freda eller verneverdige kulturminne, bevaringsverdige kulturmiljø, eldre gardstun og liknande og korleis nye tiltak eventuelt må taka omsyn til desse.
- *Universell utforming*
Tilgjenge for alle og konsekvensar for alle brukargrupper
- *Forureining*
Støy, utslepp, avfall og anna.
- *Helse*
Konsekvensar av utbygging for helse og miljø, med særleg vekt på nærmiljø og oppvekstvilkår. Folkehelse og førebyggande helsearbeid er viktig i plan.
- *Barn og unge*
Konsekvensar av utbygging for barn og unge med særleg vekt på nærmiljø og oppvekstvilkår
- *Infrastruktur og tenestetilbod*
Trafikktryggleik, skule, barnehage, aldersbustader, veg, vatn, avløp og offentlege tenester

- *Energibruk og miljø*
Konsekvensar av tiltaket for bruk av energi og eventuelt alternative løysingar.
- *Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko*
Konsekvensar av utbygging for auka risiko for ulykker, utrykking og særskilde risikomoment er vurdert.

Konsekvensane er vurdert på ein skal i frå -3 til +3, frå store negative konsekvensar til store positive. Ingen særskilde konsekvensar er sett til 0. Alle tema er ikkje vurdert å vere relevante for alle område og desse er då heller ikkje talfesta eller omtalt nærmare.

Vurderingane er baserte på:

Publikasjon	År
<u>Tusenårsstaden</u>	2005
<u>Streif</u>	2005
<u>Risnes krins</u>	2007
<u>Den indre farleia</u>	2004
<u>Viltet i Radøy</u>	2004
<u>Naturtypar i Radøy</u>	2004
<u>Kvalitetssikring og nykartlegging av naturtypar</u>	2008
<u>Amfibieregistrering i Hordaland - Del 9 Radøy</u>	2005
<u>Registrering av sjøaurevassdrag i Radøy kommune</u>	2005
<u>Rapport raudlisteartar Radøy</u>	2009
<u>Artsliste fuglar Radøy</u>	2009
<u>Supplerande naturtyperapport</u>	2008

Kart, flyfoto, foto og synfaringar er nytta samt anna kjent kunnskap. Administrasjonen, politikarar, grunneigarar og lokalkjente er nytta som kunnskapskjelder.

Det er i tillegg nytta mange ulike kjelder i arbeidet, mellom anna:
Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Statens kartvert, Askeladden.no, Norges geologiske undersøkelse, Skrednett, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Norges vassdrags- og energidirektorat, Statistisk sentralbyrå, Direktoratet for naturforvaltning, Naturbase.no, Miljøverndepartementet, Miljøstatus i Norge, Riksantikvaren, Norsk institutt for skog og landskap.

Kvart areal som er vurdert er og sett inn i eit litt større område slik at denne vurderinga seier noko om sjølve arealet kor det er framlegg om endra bruk, men og sett inn i ein samanheng med området og landskapet rundt.

Det er og utført ein eigen ROS-analyse som del av arbeidet med revidert kommuneplan. Den må sjåast i samanheng med denne konsekvensvurderinga då den går meir detaljert inn i å kartlegge risiko, frekvens og konsekvens av uønska hendingar.

I det vidare er berre dei områda som er teke med i framlegg til ny arealdel omtalt.

Bustader

Område:

Areal:

Sylta (b2)

ca 10 da

Eksisterande planstatus:

LNF

Planlagt ny arealbruk:

Heilårsbustader

Kort omtale av området:
bustadfelt på gnr 21 bnr 11. I hovudutval for plan, landbruk og teknisk vart det gjeve løyve til oppstart av privat planarbeid for dette området på gnr 21 bnr 11, samt ein del av gnr 21 bnr 2 og ein del av strandområde som er eigd av fellesskapet på Sylta indre. Grunneigarane ber om at begge areala vert teke inn i revidert kommuneplan i samsvar med vedtak som er gjort.

I gjeldande kommuneplan ligg eit lite framtidig bustadfelt på gnr 21 bnr 11. I hovudutval for plan, landbruk og teknisk vart det gjeve løyve til oppstart av privat planarbeid for dette området på gnr 21 bnr 11, samt ein del av gnr 21 bnr 2 og ein del av strandområde som er eigd av fellesskapet på Sylta indre. Grunneigarane ber om at begge areala vert teke inn i revidert kommuneplan i samsvar med vedtak som er gjort.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar, biologisk mangfald		X		Strandsone og kulturlandskap med tilhørende fauna og flora.
Landskap		X		Kulturlandskap av høg verdi. Synleg i terrenget. Småkupert og skrånande ned mot sjø. Grenser til sjø.
Landbruk	X			På nokre teigar er det drift. Juletre.
Friluftsliv		X		Sjømiljø
Kulturminne		X		Naustmiljø

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Verdi	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Areal som ligg inntil område utan eksisterande byggjetiltak.
Landskap	-2	Landskapet vert forringa ved sterkare utnytting. God tilpassing av bygningar til terrenget er naudsynt.
Naturrisiko	-1	Delar av området er bratt. Det er ikkje registrert noko på NGU sine skrednett-sider. I område brattare enn 27-30° skal det gjennomførast geologiske undersøkingar. Vind. Strandsone er utsett for havnivåstigning.
Landbruk	-1	Landbruksareala vert mindre ved utbygging. Dette arealet ligg ikkje innafor kjerneområde landbruk.
Friluftsliv	-1	Området er lite nytta til friluftsliv. Ei utbygging må ta omsyn til stiar og gangrettar til sjø.
Kulturminne og kulturmiljø	-1	Det er kulturminne i området. Naustmiljø.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Det er ikkje spesielt bratt inn for framtidig veg anna enn i nedre del av området.
Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy. Bilbasert utbygging.
Helse	+1	Fint område, med flott utsikt og lett tilgang til friluftsområde og sjø.
Barn og unge	+1	Fine uteområde, luft. Ikke skule eller barnehage i nærlieken.

Infrastruktur og tenestetilbod	-1	Området grensar til hovudveg. Ingen tenestetilbod. Buss. Veg må etablerast inn i området. Bør vere kurrant å nytte eksisterande avkjørsle.
Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk. Gode soltilhøve, noko vindutsett – dette må takast omsyn til/utnyttast.
Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Tilpassing til bustader og tilrettelegging for god adkomst for brannvesen og beredskapspersonell er naudsynt. Grovanalysa har ikkje avdekkat at ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegner. Utdyping i ROS-analysen. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og forskrifter.
Oppsummering		Sjølv om det her er fleire minus, er dei i sum ikkje av så alvorleg karakter. Det er ikkje tenkt utbygd i strandkanten og ikkje på dyrka mark. Det meste av arealet ligg inne i eksisterande kommuneplan.

Samla vurdering:


Arealet er del av eit område med spreidd utbygging av heilårsbustader, ofte knytt direkte til gardsbruka. Det er og fleire hytter i området. Delar av arealet vert nytta i landbruket, ein teig er planta med juletre. Utbygging av området til utbygging kan vere i konflikt med natur og friluftsliv verdiar og ålmenta sin bruk av området. Samtidig kan ein ny veg til sjø opne for at nye brukargrupper kan komme til. Hanevika er felleseige for gardane i frå gammalt. Tilkomsten går over gnr 21 bnr 2.

Det er positivt for Sylta om ein kunne få nokre nye heilårsbustader. Bygda har ikkje hatt særleg tilflytting seinare år. I eksisterande kommuneplan ligg det inne eit byggjeområde som ein no vil utvida og administrasjonen rår til at ein tek inn det nye arealet og. Det vil då verte lettare å leggje til rette for god infrastruktur for bustadene.

Tilråding:

Innspelet vert teke med i framlegg til revidert kommuneplan.





Vedtak i styringsgruppa:

Innspelet vert teke med i framlegg til revidert kommuneplan.

ROS:

Mogeleg hending/Potensiell fare:

- Skred (S)
- Skogbrann (Sb)
- Vind (V)
- Høg vasstand (Hv)
- Trafikkskader (T)

	Berekne risiko															
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					Sannsynlighet
5	Yellow	Red	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Red		
4	Yellow	Yellow	Red	Red	Red	Yellow	Yellow	Red	Red	Yellow	Yellow	Red	Red	Red		
3	Green	Yellow	Yellow	Hv	Red	Green	Hv	Yellow	Red	Green	Yellow	Yellow	Hv	Red		
2	Green	T	Yellow	V	Red	Green	V	Yellow	Red	Green	T	Yellow	V	Red		
1	Sb	S	Yellow	Yellow	T	SB	S	Yellow	Yellow	Green	Sb	S	Yellow			
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens															

Område:

Areal:

Eksisterande planstatus:

Sylta (b3)

ca 12 da

LNF

Planlagt ny arealbruk:

Heilårsbustader

Kort omtale av området:
2 teigar, 1 på gnr 20 bnr 4 og 1 på bnr 8 mot Risnes. Arealet ligg etter at ein har teke av fylkesvegen mot Syltneset.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar, biologisk mangfold		X		Ligg nær område med hjort og rikt fugleliv.
Landskap		X		Småkupert.
Landbruk	X			Små teigar inne i mellom hus og vegareal
Friluftsliv	X			Ikkje i bruk på desse teigane
Kulturminne	X			Ikkje kjent

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Verdi	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfold	-1	Areal som ligg inntil område utan eksisterande byggjetiltak.
Landskap	-1	Landskapet vert noko forringa ved sterkare utnytting. God tilpassing av bygningar til terrenget er naudsynt.
Naturrisiko	-2	Noko av arealet er brattlendt. Utsett for vind. Skogbrannfare. Avbøtande tiltak med trehogst rundt nye hus? Meir detaljar i ROS-analysen.
Landbruk	-1	Landbruksareala vert mindre ved utbygging, men området ligg ikkje i kjerneområde landbruk.
Friluftsliv	-1	Området nord for arealet er nytta til friluftsliv.
Kulturminne og kulturmiljø	0	Ikkje kjent.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Nokre delar er bratt. Krav om maks stigning på veg som stetter lova.
Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy. Bilbasert utbygging.
Helse	+1	Fint område, med flott utsikt og lett tilgang til friluftsområde og sjø.
Barn og unge	-1	Fine uteområde. Ikkje skule eller barnehage i nærliken.
Infrastruktur og tenestetilbod	-1	Området ligg nær til hovudveg. Ikkje offentleg tenestetilbod i nærliken. Buss i fylkesvegen berre nokre meter unna.
Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk
Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Tilpassing til bustader og tilrettelegging for god adkomst for brannvesen og beredskapspersonell er naudsynt. Grovanalyse har ikkje avdekkat at ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegner. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og

	forskrifter
Oppsummering	Sjølv om det her er fleire minus, er dei i sum ikkje av så alvorleg karakter. Det er ikkje tenkt utbygd i strandkanten og ikkje på dyrka mark. Ein heldt det brattaste partiet utanom i denne rulleringa av kommuneplanen.

Samla vurdering:


Arealalet ligg sør for Syltneset som er eit område som er delvis urørt. Rundt dei konkrete teigane er det eit område med spreidd utbygging av hus og hytter.

Delar av området vert nytta i landbruket. Utnytting av området til utbygging kan vere i konflikt med natur og friluftsliv verdiar og ålmenta sin bruk av området.

Plankonsulenten vil rá til at ein ikkje tek teigane med i si heile lengde, men konsentrerer utbygging rundt eksisterande veg og infrastruktur. Ein går ikkje så langt aust som grunneigarane ynskjer på grunn av bratt tilkomst. I fyrste omgang vil ein konsentrere utbygging rundt eksisterande infrastruktur.

Tilråding:

Innspelet vert delvis teke med i framlegg til revidert kommuneplan. Ein legg ut areal til framtidige heilårsbustader nær eksisterande veg og infrastruktur.



Vedtak i styringsgruppa:

Innspelet vert delvis teke med i framlegg til revidert kommuneplan. Ein legg ut areal til framtidige heilårsbustader nær eksisterande veg og infrastruktur

ROS:

Mogeleg hending/Potensiell fare:

Skred (S)

Skogbrann (Sb)

Vind (V)

Trafikkfare (T)

	Berekne risiko															
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					Sann-synleg-heit
5	Yellow	Red	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Red	Red	
4	Yellow	Yellow	Red	Red	Red	Yellow	Yellow	Red	Red	Yellow	Yellow	Red	Red	Red	Red	
3	Green	Yellow	Yellow	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Red	
2	Green	Yellow	Yellow	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Green	Yellow	Red	Red	Red	Red	
1	Green	Sb	S	Yellow	Yellow	SB	S	Yellow	Yellow	Green	Yellow	Sb	S	Yellow	Red	
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens															

Område:

Sletta (b4)

Areal: ca 3 da

Eksisterande planstatus: I gjeldande kommuneplan ligg desse parcellane inne med føremål til framtidig offentleg areal. I reguleringsplan for Vestnorsk utvandringssenter er arealet lagt inn som landbruksområde.

Planlagt ny arealbruk: Heilårsbustader (eldretun)

Kort omtale av området: Grunneigar ber om at planar om eit eldretun på parcellen på gnr 98 bnr 10 vert teke med i revidert kommuneplan. Tunet er tenkt med sjøleigande bustader plassert rundt eit fellesbygg.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar, biologisk mangfald	X			Slåttemark. Teigen strekkjer seg ned til sjøen i aust.
Landskap			X	Kulturlandskap av høg verdi. Synleg i terrenget.
Landbruk		X		Teigen er i drift som slåttemark
Friluftsliv	X			Ikkje nytta
Kulturminne			X	Kyrkja og utvandringssenteret er mykje i bruk. Senteret er under vidare utbygging.

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Verdi	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Fugeliv og biologisk mangfald knytt til kulturlandskap og strandsone.
Landskap	-1	Landskapet vert forringa ved sterkare utnytting. Viktig å halde det ope rundt utvandrarsenteret.
Naturrisiko	0	Arealet ligg flatt i eit landbruksareal. Det er ikkje spesielt utsett for vind eller anna naturrisiko.
Landbruk	-2	Landbruksareala vert mindre ved utbygging. Teigen er innmark, men ikkje del av kjerneområde landbruk.
Friluftsliv	0	Området er ikkje nytta til friluftsliv
Kulturminne og kulturmiljø	-2	Kyrkje og museum.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Bustadene er tenkt lagt i relativt flatt terrenget. Ikkje problem med stigning på veg fram.
Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy.
Helse	+1	Fint område, lett tilgjenge til buss og butikk. Heller ikkje langt til friluftsområde og sjø.
Barn og unge	0	Arealet vert i dag ikkje nytta av born og unge. Ikkje gang- eller sykkelveg i området.
Infrastruktur og tenestetilbod	-1	Området grensar til hovudveg. Trafikkstøy. Veg og vatn ligg tilgjengeleg for påkopling. Ikkje lagt til rette for mjuke trafikantar.
Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk, men sentralt med gangavstand til butikk og buss.

Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Tilpassing til bustader og tilrettelegging for god adkomst for brannvesen og beredskapspersonell. Grovanalysa har ikkje avdekkat at ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegner. Krav om regulering.
Oppsummering		Av omsyn til utvandrarssenteret og kyrkja ynskjer ein ikkje utbygging nært senteret.

Samla vurdering:


Sletta er eit område med spreidd utbygging, gjerne knytt til landbruket. Utvandringssenteret og kyrkja ligg i dag fritt og fint til her. Reguleringsplanen for senteret og utbyggingsplaner for eit besøkssenter gjer at ein bør ha litt rom rundt for ekspansjon.

Området vert i dag nytta i landbruket og er regulert til dette føremålet. Det sikrar eit ope rom framfor kyrkja.

Radøy kommune treng eigentleg eit meir variert bustadtilbod og konseptet med eit eldretun er ein god ide. Plankonsulenten vil rá til at ein arbeider for å få dette til på ein meir eigna stad.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke med i framlegg til revidert kommuneplan.



Vedtak i styringsgruppa:


Innspelet vert ikkje teke med i framlegg til revidert kommuneplan.

Sletta, gnr 98 bnr 10:

Kjell Arild Mellingen og Olav Sylta har justert innspelet om eldrebustader på Sletta. Arealet er no flytte austom hovudvegen. Dei tenkjer seg ca 10-12 einingar i saman med eksisterande hus på tunet.

Omsøkt område ligg i LNF i gjeldande kommuneplan. Administrasjonen er positive til at det vert fortetta rundt eksisterande hus og at ein legg friområde ned til sjø.

Denne løysinga flyttar tiltaket vekk i frå kyrkjja og utvandrarsenteret.



Nytt vedtak i styringsgruppa:

Revidert areal vert teke med i framlegg til kommuneplan.

ROS:

Mogeleg hending/Potensiell fare:

Skred (S)

Skogbrann (Sb)

Vind (V)

Trafikkfare (T)

	Berekne risiko															Sannsynlegheit
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					
5	Yellow	Red	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Red	Red	
4	Yellow	Yellow	T	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Yellow	Yellow	T	Red	Red	Red	
3	Green	Yellow	Yellow	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Green	Yellow	Yellow	Red	Red	Red	
2	Green	V	Yellow	Yellow	Red	Green	V	Yellow	Red	Green	V	Yellow	Yellow	Red	Red	
1	Sb	S	Yellow	Yellow	SB	S	Yellow	Yellow	Red	Sb	S	Yellow	Yellow	Red	Red	
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens															

Område:

Gjerde (b5)

Areal: ca 3 da

Eksisterande planstatus: LNF

Planlagt ny arealbruk: Heilårsbustader

Kort omtale av området: Grunneigarane på nr 100 bnr 1 ynskjer ei husklyngje med tre hus til borna. Arealet ligg fint til nord om Austebrygd skule. Det finst ein heilårsbustad nord for omsøkt areal.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar, biologisk mangfald		X		Beite
Landskap			X	Fint kulturlandskap. På ei lita høgde. Synleg i terrenget.
Landbruk		X		Vert nytta som beite for sau
Friluftsliv	X			Litt i bruk
Kulturminne	X			Ikkje kjent

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Verdi	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Fuglar og hjort
Landskap	-2	Landskapet vert forringa ved utnytting. God tilpassing av bygningar til terreng er naudsynt. Bør ikkje byggje heilt på toppen.
Naturrisiko	- 1	Det går ein bratt skrent i frå ein haug og ned til vatnet. Området er ikkje registrert i skrednett. I område brattare enn 27-30° skal det gjennomførast geologiske undersøkingar, elles inga høgare risiko avdekka. Vindutsett. Sjå ROS-analysen.
Landbruk	-1	Landbruksareala vert mindre ved utbygging. Området ligg ikkje innanfor kjerneområde landbruk, men vert i dag nytta til beite for sau.
Friluftsliv	-1	Området er nytta til friluftsliv.
Kulturminne og kulturmiljø	-1	Det er kulturminne i området, men ikkje kjent på omsøkt areal.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Det er ikkje bratt inn frå eksisterande veg.
Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy. Høgspentlinje over arealet.
Helse	+1	Fint område, med flott utsikt og lett tilgang til friluftsområde.
Barn og unge	+1	Fint med nær tilkomst til skule og barnehage. Ein bør leggje inn ein buffer mellom nye bustadhus og skuleområdet. Lett tilgang til friluftsareal.
Infrastruktur og tenestetilbod	-1	Området grensar til hovudveg. Manglar gang- og sykkelveg.
Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk
Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Tilrettelegging for god adkomst for brannvesen og beredskapspersonell er naudsynt. Grovanalyse har

		ikkje avdekka at ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegner. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og forskrifter.
Oppsummering		Sjølv om det er fleire minus er dei ikkje av alvorleg karakter. Nærleik til skule og fortetting talar for.

Samla vurdering:

Området er eit nytt og delvis urørt område med spreidd utbygging, gjerne knytt til landbruket.


Delar av området vert nytta i landbruket til beite for sau. Utnytting av området til utbygging kan vere i konflikt med natur og friluftsliv verdiar.

Omsøkt areal ligg høgt i terrenget og vert synleg. Ein bør ikkje byggje på den høgaste haugen.

Arealet ligg rett vest om Austebygd skule og barnehage. Bør lage ei buffer i mellom for å sikre litt avstand og luft for både husa og skulen. Nær hovudveg og buss. Ulempe med trafikkstøy, men hovudvegen er planlagt lagt om og vekk frå Gjerde. Høgspentline må leggjast om eller gravast ned.

Tilråding:

Innspelet vert teke med i framlegg til revidert kommuneplan.



Vedtak i styringsgruppa:

Innspelet vert teke med i framlegg til revidert kommuneplan.

ROS:

Mogeleg hending/Potensiell fare

Skred (S)

Skogbrann (Sb)

Vind (V)

Trafikkfare (T)

	Berekne risiko															Sann-synleg-heit
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					
5	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y		
4	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y	Y		
3	G	T	Y	Y	Y	T	Y	Y	Y	Y	Y	T	Y	Y		
2	G	V	Y	Y	Y	V	Y	Y	Y	Y	Y	V	Y	Y		
1	Sb	S	Y	Y	Y	SB	S	Y	Y	Y	Y	Sb	S	Y		
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens															

Område:

Areal:

Noranger (b6)

ca 3 da

Eksisterande planstatus: LNF

Planlagt ny arealbruk: Heilårsbustader

Kort omtale av området: Grunneigarane på gnr 15 bnr 10,11 vil gjerne leggje til rette for eit klyngetun på garden med opptil tre nye bustadhus.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar, biologisk mangfald		X		Slåttemark og åker
Landskap			X	Kulturlandskap av høg verdi. Synleg i terrenget.
Landbruk		X		Teigen er i drift
Friluftsliv	X			Ikkje i bruk til friluftsliv
Kulturminne		X		Steingard i nord og ny potekjellar i vest.

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Verdi	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Kulturlandskap
Landskap	-2	Landskapet vert forringa ved sterkare utnytting. God tilpassing av bygningar til terrenget er naudsynt. Området ligg på ein rygg. Mellom eksisterande bygningar.
Naturrisiko	- 1	Vind og brattleik må det takast omsyn til.
Landbruk	-2	Landbruksareala vert mindre ved utbygging. Området er ikkje del av kjerneområde.
Friluftsliv	0	Arealet er ikkje nytta til friluftsliv.
Kulturminne og kulturmiljø	-1	Det er kulturminne i området. Steingard.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Det er litt bratt opp i området, men ikkje problem med stigning på veg i frå eksisterande gardsveg.
Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy. Bilbasert utbygging.
Helse	+1	Fint område, med flott utsikt og lett tilgang til friluftsområde.
Barn og unge	+1	Fine uteområde her for born.
Infrastruktur og tenestetilbod	-1	Området grensar til hovudveg. Gang- og sykkelveg bør etablerast. Stor avstand til butikk, skule og barnehage. Farleg skuleveg i dag. Buss i hovudvegen.
Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk
Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Tilrettelegging for god adkomst for brannvesen og beredskapspersonell er naudsynt. Grovanalyse har ikkje avdekkja at ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegner. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast

		etter gjeldande lovverk og forskrifter.
Oppsummering		Sjølv om det er fleire minus er dei ikkje av alvorleg karakter. Største minus er avstand til tenestetilbod. Prinsipp om fortetting talar for.

Samla vurdering:


Noranger er eit område med spreidd utbygging og husa ligg langsetter hovudvegen. Tenkt nytt areal til bustader ligg mellom våningshuset og husa på nabobruket nordom. Gammalt kulturlandskap.

Arealet vert i dag nytta i landbruket til grønsaker, frukt og bærhage samt litt slåtteeng, men totalt er det tenkt 3 nye hus som skal plasserast med noko felles uteareal.

Største ulempe er avstand til skule, barnehage og andre tenestetilbod samt mangel på gang- og sykkelveg.

Tilråding:

Innspelet vert teke med i framlegg til revidert kommuneplan.



Vedtak i styringsgruppa:

Innspelet vert teke med i framlegg til revidert kommuneplan.

ROS:

Mogeleg hending/Potensiell fare

Skred (S)

Skogbrann (Sb)

Vind (V)

Trafikkfare (T)

	Berekne risiko															
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					Sannsynlegheit
5	Y	R	R	R	R	Y	R	R	R	Y	R	R	R	R		
4	Y	T				T	Y				T					
3	V		S			V		S			V					
2		S						SB				S				
1		Sb						SB				Sb				
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
Konsekvens																

Område:

Mangersnes (b7)

Areal:

ca 50 da

Eksisterande planstatus:

LNF

Planlagt ny arealbruk:

Heilårsbustader

Kort omtale av området: Grunneigar på gnr 44 bnr 2 ynskjer å leggje ut areal til bustader på Mangersnes. Mangersnes ligg ca 1 km sør for Manger sentrum. Det grenser mot sjø i vest og Nesvatnet i aust.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar, biologisk mangfald			X	Strandsone. Til dels eldre lynghei her.
Landskap			X	Kulturlandskap av høg verdi. Synleg i terrenget. Kupert. Sjå eigen landskapsanalyse.
Landbruk	X			På nokre teigar er det drift
Friluftsliv	X			Mykje i bruk, fine turstiar.
Kulturminne	X			Automatisk freda kulturminne i området. Askeladden: Steinøks, bronsenøkkelen. Uviss funnstad; kartfestinga er difor unøyaktig

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Verdi	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	-3	Relativt store areal som ligg inntil frie område utan tiltak. Urørt stransone mot sjø og vatn her på begge sider er viktig for det biologiske mangfaldet.
Landskap	-2	Landskapet vert forringa ved sterkare utnytting. God tilpassing av bygninga til terrenget er naudsynt, samt at ein ikkje byggjer på dei høgaste partia.
Naturrisiko	-1	Delar av området er bratt. I område brattare enn 27-30° skal det gjennomførast geologiske undersøkingar. Grensar til sjø og er difor utsett for hedingar i samband med venta havnivåstigning.
Landbruk	-2	Landbruksareala vert mindre ved utbygging, men arealet er ikkje del av eit kjerneområde for landbruket.
Friluftsliv	-2	Området er mykje nytta til friluftsliv.
Kulturminne og kulturmiljø	-2	Det er kulturminne i området. Steingarder og løer.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Det er ikkje så bratt at det er problem å lage veg inn.
Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy.
Helse	+2	Fint område, med flott utsikt og lett tilgang til friluftsområde.
Barn og unge	+1	Fint område med mogeleg rom for utfaldelse. Litt langt frå skule og sentrum.
Infrastruktur og tenestetilbod	-3	Området grensar til hovudveg, men denne er dårlig og må utbetraast og eventuelt leggjast om.

		Gang- og sykkelveg til Manger må etablerast før utbygging her. Lang veg til busstilbod og butikk. Dyrt å byggja ut.
Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk. Bilbasert utbygging nær kommunesenter, men for langt for mange å gå dit.
Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Tilpassing til bustader og tilrettelegging for god adkomst for brannvesen og beredskapspersonell. Grovanalysa har ikkje avdekkat at ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegner. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og forskrifter
Oppsummering		Fint, vestvendt og solrikt område. Dårleg infrastruktur og bilbasert utbygging relativt nær kommunesenteret er negativt.

Samla vurdering:


Området er eit nytt og delvis urørt område med spreidd utbygging, gjerne knytt til landbruket. Delar av området vert nytta i landbruket til beite og slåttemark.

Utnytting av området til utbygging kan vere i konflikt med natur og friluftsliv verdiar og ålmenta sin bruk av området. Området er og akkurat litt langt frå Manger sentrum slik at det vert eit bilbasert samfunn. Vegen fram er därleg og går gjennom fleire gardstu.

Omsøkte areal ligg innafor Kommunedelplan for Manger og er der sett av til LNF-føremål. Kommunedelplanen vart vedteke hausten 2007 og dette området var og vurdert i samband med revisjonen. Det vart ikkje teke med den gong fordi kommunen meinte at det var mykje unytta bustadareal i Manger. Det er framleis stoda og plankonsulenten vil ikkje rá til at omsøkte areal vert endra frå LNF til framtidig bustadområde i samband med denne rulleringa av kommuneplanen.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke med vidare.



Vedtak i styringsgruppa:

Innspelet vert teke med i framlegg til revidert kommuneplan. Det vert sett krav om at vegen ut må utbetraast før ein kan få byggje i området.

Kommentar frå administrasjonen:

Ei endra arealbruk av denne storleiken må konsekvensutgreiaist meir utfyldande før ein kan leggje det inn i framlegg til revidert kommuneplan. Sjå landskapsanalyse.

ROS:

Mogeleg hending/Potensiell fare:

Skred (S)

Skogbrann (Sb)

Vind (V)

Høg vasstand (Hv)

Trafikkfare (T)

	Berekne risiko															
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					Sann-synleg-heit
5	Yellow	Red	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Yellow	Red	Red	Red	Red	Red	
4	Yellow	Yellow	T	Red	Red	Yellow	Yellow	Red	Red	Yellow	Yellow	T	Red	Red	Red	
3	Green	Hv	Yellow	Red	Red	Green	Yellow	Hv	Red	Green	Hv	Yellow	Red	Red	Red	
2	Green	V	Sb	Yellow	Red	Sb	V	Yellow	Red	Green	V	Sb	Yellow	Red	Red	
1	Green		Green	S	Yellow	Green	Green	S	Yellow	Green		S	Yellow			
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens															

Område:

Helland (b12)

Areal:	ca 10 daa
Eksisterande planstatus:	LNF
Planlagt ny arealbruk:	Bustader
Kort omtale av området:	Arealet er tenkt utnytta til ca 6 bustader. Det ligg nær eksisterande busetnad, sør aust for krysset på Helland. Arealet er fint med mykje lys. Vestvendt oppå ei rand i terrenget. Eksponert, men mellom eksisterande bygningiar.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	X			Kulturlandskap i området omkring.
Landskap		X		Kulturlandskap Synleg i terrenget.
Landbruk		X		På nokre teigar er det drift
Friluftsliv	X			Lite i bruk
Kulturminne	X			Steingardar

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Gradering	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Kulturlandskap og biologisk mangfald knytt til det vert råka ved utbygging. Fuglar m.m.
Landskap	-2	Landskapet vert forringa ved sterkare utnytting.
Naturrisiko	-1	Bratt skrent vest for tenkt areal. Ikkje registrert i skrednett. I område brattare enn 27-30° skal det gjennomførast geologiske undersøkingar, elles inga høgare risiko avdekka. Utsett for vind.
Landbruk	-2	Landbruksareala vert mindre ved utbygging, men er ikkje del av eit kjerneområde. Vert i dag beita og slått. Ein av teigane har ein gammal løe som er tenkt reve for å gjere plass til bustadhus.
Friluftsliv	-1	Området er lite nytta til friluftsliv.
Kulturminne og kulturmiljø	-1	Det er kulturminne i området.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Området er relativt flatt og det er ikkje problem å byggje veg inn til tomtane.
Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy.
Helse	+1	Fint område, med lett tilgang til friluftsområde.
Barn og unge	+1	Området ligg nær friluftsområde.
Infrastruktur og tenestetilbod	+1	Området grensar til hovudveg og teknisk infrastruktur. Må til Manger for tenestetilbod som butikk og skule og barnehage.

Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk. Bilbasert utbygging.
Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Grovanalysa har ikkje avdekkat ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegner. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og forskrifter
Oppsummering		Behov for nye bustader i bygda. Fortetting talar for å leggje ut akkurat dette arealet.

Samla vurdering:

Delar av området vert nytta i landbruket. Utnytting av området til utbygging er neppe i konflikt med natur og friluftsliv verdia og ålmenta sin bruk av området.

På den eine teigen ligg ei gammal løe og denne vil grunneigar rive for å få plass til to nye bustadhus. Desse vert då liggjande mellom eksisterande bygg og kommunen tenkjer at det kan vere plass til nokre fleire bustadhus her. Ein må primært sjå på sørsida av vegen for å skjerme landbruksareal.

Tilråding:

Innspelet vert teke med i revidert kommuneplan.



Vedtak i styringsgruppa:

Innspelet vert teke med i revidert kommuneplan.

ROS:

Mogleg hending/Potensiell fare

Skred (S)

Skogbrann (Sb)

Vind (V)

Trafikkfare (T)

	Berekne risiko															
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					Sann-synleg-heit
5	Y	R	R	R	R	Y	R	R	R	R	Y	R	R	R	R	
4	Y	Y	T			T	Y					T				
3	G		Y	R	R	Sb	V	Y			G	Y				
2	G	V/ Sb		S	Y		Sb	V	Y		G	V/ SB				
1	G						G	S	Y		G	S				
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens															

Område:

Areal:

Eksisterande planstatus:

Planlagt ny arealbruk:

Kort omtale av området:
Grunneigarane vil gjerne nytte del av gnr 60 bnr 1 til bustadareal. Arealet er tenkt nytta til ca 4 bustader. Det ligg nær eksisterende busetnad. Arealet er fint med mykje lys. Eksponert.

Halland (b13)

ca 10 daa

LNF

Bustader

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald		1		Kulturlandskap i området omkring. Rik edellauvskog. Alm-lindeskog definert i Naturtypar i Radøy. Gjort funn av nokre planteartar som er sårbare.
Landskap		1		Kulturlandskap av høg verdi. Med i kjerneområdekartlegging som viktig kulturlandskap. Synleg i terrenget.
Landbruk		1		På nokre teigar er det drift
Friluftsliv		1		Området er mykje i bruk, men ikkje akkurat dette arealet.
Kulturminne	1			Ikkje kjende

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Gradering	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Areal som ligg inntil frie område utan tiltak. Kulturlandskap og biologisk mangfald knytt til det. Fuglar m.m.
Landskap	-2	Landskapet vert forringa ved sterkare utnytting. Må ikkje byggje på dei høgaste haugane. Fint kulturlandskap som må takast omsyn til. Eksisterande hus ligg fint i terrenget.
Naturrisiko	-1	Området ligg på ein rygg i landskapet. Ein bør leggje eventuelle tiltak eit stykke i frå denne. I område brattare enn 27-30° skal det gjennomførast geologiske undersøkingar, elles inga høgare risiko avdekkja. Vind.
Landbruk	-1	Landbruksareala vert mindre ved utbygging. Det vert slått og beita i dag.
Friluftsliv	-1	Området er nytta til friluftsliv.
Kulturminne og kulturmiljø	-1	Det er ikkje kjende kulturminne i området. Dette må undersøkjast
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Det vil ikkje vere problem å komme inn med veg.

Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy.
Helse	+1	Fint område, med lett tilgang til friluftsområde.
Barn og unge	+1	kort veg til friluftsområde.
Infrastruktur og tenestetilbod	+1	Området grensar til hovudveg og infrastruktur. Avstand til skule og barnehage er stor. Manglar gang og sykkelveg.
Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk. Bilbasert utbygging.
Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Grovanalysa har ikkje avdekkat at ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegner. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og forskrifter
Oppsummering		Stor avstand til tenestetilbod talar mot utbygging, fortetting og behov for bustadtomtar i bygda talar for. Relativt lite areal.


Samla vurdering:

Området er eit nytt og delvis urørt. Delar av området vert nytta i landbruket. Utnytting av området til utbygging kan vere i konflikt med natur og friluftsliv verdiar og ålmenta sin bruk av området.

Marås og Halland har ei positiv utvikling i nye bustader. Fint om vidare utbygging kan skje etter ein plan.

Tilråding:

Innspelet vert teke med i revidert kommuneplan.



Vedtak i styringsgruppa:

Innspelet vert teke med i revidert kommuneplan.

ROS:

Mogeleg hending/Potensiell fare:

Skred (S)

Skogbrann (Sb)

Vind (V)

Trafikkfare (T)

	Berekne risiko															
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					Sann-synleg-heit
5																
4																
3		V	Sb			T	V	Sb			T	V	Sb			
2	T															
1			S					S					S			
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens															

Område:

Areal:

Kvalheim (b17)

ca 10 da

Eksisterande planstatus:

LNF

Planlagt ny arealbruk:

Bustader og småbåthamn

Kort omtale av området: Grunneigar ynskjer å endre føremål på teigar på Kvalheim. Arealet ligg på austsida av vegen ut til Marøy. På begge sider av allereie regulert felt til bustader. Fint område med utsikt til sjø. Småbåthamn er tenkt innst i Makrellvågen.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar, biologisk mangfold		X		I nærleiken av strandsone/vassdrag. Fuglar m.m. Biologisk mangfold her.
Landskap			X	Kulturlandskap. Synleg i terrenget.
Landbruk		X		På nokre teigar er det drift
Friluftsliv		X		Mykje i bruk
Kulturminne		X		Torvhus og steingardar

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Verdi	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfold	-2	areal som ligg inntil frie område utan tiltak.
Landskap	-2	Landskapet vert forringa ved sterkare utnytting. God tilpassing av bygningars til terrenget er naudsynt.
Naturrisiko	- 1	Delar av området er bratt, men ikkje registrert i skrednett. I område brattare enn 27-30° skal det gjennomførast geologiske undersøkingar, elles inga høgare risiko avdekka. Må ta høgde for havnivåstigning og vind.
Landbruk	-1	Landbruksareala vert mindre ved utbygging, men er ikkje del av kjerneområde landbruk.
Friluftsliv	-1	Området er nytta til friluftsliv i sjø og på land.
Kulturminne og kulturmiljø	-1	Det er kulturminne i området. Må undersøkjast nærmare.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Det er etablert infrastruktur i området.
Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy.
Helse	+1	Fint område, med flott utsikt og lett tilgang til friluftsområde.
Barn og unge	+1	Fine uteområde, men langt til skule.
Infrastruktur og tenestetilbod	-1	Området grensar til hovudveg, men denne er därleg og må utbetraast og eventuelt leggjast om. Gang- og sykkelveg til Bø bør etablerast.
Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk. Bilbasert
Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Grovanalyza har ikkje avdekka at ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegner. Ved regulering eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og forskrifter.

Oppsummering

Ein vil skåne landskapet og gå inn for ei fortetting.

Samla vurdering:

Arealet i nord er delvis nytt og urørt område utan utbygging. Delar av området vert nytta i landbruket. Utnytting av området til utbygging kan vere i konflikt med natur og friluftsliv verdiar og ålmenta sin bruk av området.

Det er mykje aktivitet i området og kommunen ynskjer ikkje i denne planperioden å leggje ut meir areal til småbåtar. Nordre delen av arealet til bustader må og vente. Trafikkfaren er ikkje så stor i sør då vegen er utbetra i samband med utbygging av eksisterande regulert felt.

Tilråding:

Innspelet vert ikkje teke med vidare i sin heilskap, men kommunen meiner at ein kan byrje med å fortette mellom eksisterande bustader i sør, sør for regulert felt for bustader som ein no er i ferd med å bygge ut.



Vedtak i styringsgruppa:

Innspelet vert ikkje teke med vidare i sin heilskap, men kommunen meiner at ein kan byrje med å fortette mellom eksisterande bustader i sør, sør for regulert felt.

ROS:

Mogeleg hending/Potensiell fare:

- Skred (S)
- Skogbrann (Sb)
- Vind (V)
- Høg vasstand (Hv)
- Trafikkfare (T)

	Berekne risiko															Sann-synleg-heit
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					
5	Y	R	R	R	R	Y	R	R	R	Y	R	R	R	R		
4	Y	Y	R	R	R	Y	Y	R	R	Y	Y	R	R	R		
3	G	Y	Hv	R	R	G	Hv	Y	R	G	Y	Hv	R	R		
2	G	T	Y	V	R	T	V	Y	R	G	T	Y	V	R		
1	G	Sb	S	Y	Y	SB	S	Y	Y	G	Sb	S	Y	Y		
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
	Konsekvens															

Område:

Stølane, Austebygd (b 18)

Areal:	ca 20 daa
Eksisterande planstatus:	LNF
Planlagt ny arealbruk:	Bustader
Kort omtale av området:	Arealet er tenkt utnytta til bustader. Det ligg ved eksisterende bustadfelt på Stølane. Arealet er vestvendt og fint med mykje lys. Noko av arealet er brattlendt.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	1			Areala ligg innimellom eksisterande bustader.
Landskap		1		Kulturlandskap. Synleg i terrenget.
Landbruk		1		På nokre teigar er det drift
Friluftsliv		1		Mykje i bruk
Kulturminne	1			Det er steinhus og steingardar i området.

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Gradering	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Areal som ligg inntil frie område utan tiltak.
Landskap	-2	Landskapet vert forringa ved sterkare utnytting. Ikke del av kjerneområde for viktig kulturlandskap.
Naturrisiko	-0	Det er ikkje avdekkja skredfare i området.
Landbruk	-1	Landbruksareala vert mindre ved utbygging, men dette området er ikkje del av kjerneområde for landbruk.
Friluftsliv	-1	Delar av området er nytta til friluftsliv.
Kulturminne og kulturmiljø	-1	Det er kulturminne i området som må takast omsyn til.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak. Skulle ikkje vere problem å etablere tilkomstvegar med akseptabel stigningsgrad.
Forureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy.
